

Møtereferat – Arbeidsgruppe overgang elevar og tilsette

Dato: 10.12.2025

Tid: 13:30–15:00

Stad: Kommunestyresalen

Deltakarar:

Birthe Urke, Orla R. Kleven, Inger Lise Haddal, Norunn Velsvik, Hans Olav Vattøy, Linda Pedersen, Liz Torine Enerhaug, Karen Strand, Marianne Ulstein Johnston, Hilde Aarsand Vik, Ole-Jacob Arnesen, Synnøve Haug

Orienteringar:

Arne Runar Vik og Kari Riise

Agenda:

- Orienteringar frå trafikktryggingsgruppa
- Orientering frå personalgruppa
- Status ute på skulane
- Kommunikasjon ut
- Møtefrekvens

1. Orienteringar frå trafikktryggingsgruppa

Mandatet for arbeidet er omfattande. Prosjektgruppa samarbeider med Vy og fylkeskommunen.

Det er dialog med Telenor om etablering av droppsone ved Telebygget.

Vurderte trasear:

- Bakkegata (mest utfordrande)
- Gjerdegata (planlagt oppgradering i 2026)
- Kyrkjegata (beste trase)

Arbeidsgruppa ønskjer at kommunestyret sender forslag om skilting i Bakkegata på høyring.

Droppsoner ved ungdomsskolen har fungert mindre tilfredsstillende denne hausten, og betre skilting vert vurdert.

Skiltplan er under utarbeiding med fokus på samanheng mellom skilting og vegmerking.

Dialog med FAU, elevråd, skuleadministrasjon, Trygg Trafikk og politiet.

Skyss:

- Ungdomsskuleskyss vidareførast frå sentrum
- Barneskulebuss via Gjerdegata

Hjartesone:

Utfordringar nord for skulen, særleg i området Hovsetvegen/Vikebakk-krysset.

Framdrift:

Prosjektering lysast ut før jul. Tiltak vert sett i gang frå neste skuleår.

Alle elevar ved Ulstein skule med skyssbehov vil få skyss frå neste skuleår.

2. Orientering frå personalgruppa

Status og plan for nedbemanningsprosessen vart gjennomgått.

Det er gjort avklaringar knytt til stillingsheimlar per skule, med oversikt over faste heimlar og ansiennitet.

Drøftingsmøte er gjennomført med tillitsvalde og AMU.

Kartleggingsskjema er sendt til tilsette med tenestetid frå 2020, med svarfrist 15. desember.

Samtalar med tilsette er planlagde i januar. Tillitsvald eller annan støtteperson kan delta etter ønske. Det vert lagt vekt på informasjon om rettar, plikter og moglegheiter.

Leiarkabalen er ikkje endeleg avklart. Drøftingssamtalar pågår.

Oversikt over nøkkelpersonell og kompetansekrav skal ferdigstillast.

3. Status ute på skulane

Ulsteinvik barneskule (UBS):

Det er uttrykt ønske om avklaring før jul knytt til vidare prosess.

Situasjonen i personalgruppa varierer mellom team.

Leiinga har sett opp nytt møte om teamstruktur.

Ulike behov for involvering og dialog vert vurdert teke opp i lærargruppa.

Arbeid med inndeling på klassetrinn pågår, med planlagt offentleggjering i januar.

Tillitsvalde vert oppmoda til å samle innspel frå medlemmar.

Klassedeling vert vurdert som ei utfordring, særleg knytt til tidspunkt og form for informasjon.

Ulstein skule:

Informasjonsmøtet vart vurdert som tilfredsstillande.

Det er ikkje meldt om særskilde endringar blant elevane.

Foreldre er meir nøgde med kommunikasjonen etter FAU-møtet, og det er ikkje kome nye spørsmål sidan førre møte.

Klubbmøte Ulstein (tilbakemelding frå tilsette):

Det vart meldt om uro knytt til framtidig stillingssituasjon og det er viktig at vi tek omsyn til at situasjonen kan opplevast som krevjande for enkelte tilsette.

4. Kommunikasjon ut

Det vert vurdert å gi meir informasjon om vidare prosess i januar/februar.

Felles foreldremøte på Sjøborg vert vurdert.

Foreldrefé vert vurdert som eit alternativ, der klassekontaktar kan ta ansvar for dialog.

Vidare involvering av foreldre ved UBS må avklarast (samla eller trinnvis).

Kommunepsykolog skal møte leiargruppa. Tre møte er planlagde.

5. Ny møtefrekvens

Møte vert haldne ein gong per månad og ved behov.

Innkalling vert sendt av Marianne Ulstein Johnston.